

## Vedlegg 1

### Oversikt over innfallsportar til Breheimen nasjonalpark



### Besøksstrategi Breheimen nasjonalpark

## 1. Strynefjellet vest (ca. 1095 moh.)

Eksisterande innfallspott:

Nei

Dagens infrastruktur:

Ingen.

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare. Plassering er ikkje avklart med grunneigar og kommune.

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen NP og Strynefjellet LVO

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

1

Vurdering:

Det er ikkje etablert informasjonspunkt her frå før. Det er ikkje plass til informasjonspunkt ved vernegrensa men ca. 500 meter lenger vest er det plass til dette. Plassering er ikkje avklart med grunneigar og kommune. Med bakgrunn i all trafikken i samband med Nasjonal Turistveg Gamle Strynefjellsvegen er det nødvendig å etablere eit informasjonspunkt her.



*Bilete viser potensiell plass for informasjonspunkt ca. 500 m vest for vernegrense.*

## 2. Strynefjellet øst (ca. 1000 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Nei

Dagens infrastruktur:

Parkeringsplass til 20-25 bilar. Benkar og bord. Informasjonstavle om Strynefjellsvegen.

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare. Plassering av informasjonspunkt med verneområdeinfo er ikkje avklart med grunneigar og kommune.

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen NP og Strynefjellet LVO

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja

Prioritet:

1

Vurdering:

Det er ikkje etablert informasjonspunkt med verneområdeinfo her frå før. Statens vegvesen og Innlandet fylkeskommune har eit informasjonspunkt her om Strynefjellsvegen. Med bakgrunn i trafikken i samband med Nasjonal Turistveg Gamle Strynefjellsvegen er det nødvendig å etablere eit informasjonspunkt her.



### 3. Grotli hotell (ca. 1095 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Nei.

Dagens infrastruktur:

Stor parkeringsplass i samband med Grotli hotell. Statens vegvesen har fleire informasjonstavler her. Verneområdeforvaltninga er invitert til å levere ny informasjonsplakat etter ny merkevare når den er klar.

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare.

Behov for nytt stativ:

Nei. Får bruke plass sjå Statens vegvesen.

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen NP og Strynefjellet LVO

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja

Prioritet:

1

Vurdering:

Det er ikkje etablert informasjonspunkt her frå før. Med bakgrunn i trafikken i samband med Nasjonal Turistveg Gamle Strynefjellsvegen er det nødvendig å ha informasjon her.



#### 4. Billingen (ca. 720 moh.)

Eksisterande innfallsport:

Nei

Dagens infrastruktur:

Etablert informasjonspunkt for Reinheimen NP. Matsservering, overnatting og parkeringsplass.

Planlagt tiltak:

Ny informasjonspunkt for Breheimen NP på felles informasjonspunkt med Reinheimen NP. Felles plakat om villrein som er satt opp sommaren 2022.

Behov for nytt stativ:

Nei.

Kva type informasjon:

Generell informasjon om Breheimen NP og villrein.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei (berre til Reinheimen)

Prioritet:

1

Vurdering:

Felles informasjonspunkt med Reinheimen NP. Utsikt til Breheimen men ikkje eit naturleg startpunkt.



## 5. Raudalen (ca. 850 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Nei

Dagens infrastruktur:

Ingen.

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare. Plassering er ikkje avklart med grunneigar og kommune.

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen NP

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

3

Vurdering:

Det er ikkje etablert informasjonspunkt her frå før. Det er avgrensa med trafikk inn her, men det er vurdert at det er behov for informasjon om verneområdet her også.

## 6. Sota (ca. 740 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Etablert informasjonspunkt for Breheimen NP. Matsservering, overnatting og parkeringsplass.

Planlagt tiltak:

Ny informasjonspunkt for Breheimen NP. Sjå punkt 2.5 og 3.2 i besøksstrategien for utvida satsing på dette punktet.

Behov for nytt stativ:

Ja.

Kva type informasjon:

Generell informasjon om Breheimen NP, Mysabytta LVO og villrein.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja

Prioritet:

1

Vurdering:

Eksisterende informasjonspunkt/startpunkt i samband med DNT-hytta Sota seter. Sjå punkt 2.5 og 3.2 i besøksstrategien for utvida satsing på dette punktet.



## 7. Dønfoss (ca. 440 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Etablert informasjonspunkt for Breheimen NP. Butikk og parkeringsplass.

Planlagt tiltak:

Ny informasjonspunkt for Breheimen NP. Sjå punkt 2.5 og 3.2 i besøksstrategien for utvida satsing på dette punktet.

Behov for nytt stativ:

Ja/Nei.

Kva type informasjon:

Generell informasjon om Breheimen NP og villrein.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

1

Vurdering:

Eksisterende informasjonspunkt/startpunkt i samband med Coop sin matbutikk på Dønfoss. Sjå punkt 2.5 og 3.2 i besøksstrategien for utvida satsing på dette punktet.





## 8. Tundradalen (ca. 900 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Nei

Dagens infrastruktur:

Ingen.

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare. Plassering er ikkje avklart med grunneigar og kommune.

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen NP

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

3

Vurdering:

Det er ikkje etablert informasjonspunkt her frå før. Det er avgrensa med trafikk inn her, men det er vurdert at det er behov for informasjon om verneområdet her også.



## 9. Bismo (ca. 400 moh.)

Eksisterande innfallsport:

Nei

Dagens infrastruktur:

Ingen informasjon. Matsservering, overnatting og parkeringsplass.

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt for Breheimen NP.

Behov for nytt stativ:

Ja.

Kva type informasjon:

Generell informasjon om Breheimen NP.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

2

Vurdering:

Det er ikkje etablert informasjonspunkt her i sentrum frå før. Det er ønskjeleg å etablere eit informasjonspunkt her, eventuelt saman med Reinheimen NP.



## 10. Lundadalen (ca. 765 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Eksisterende informasjonspunkt. Parkeringsplass til 8-10 biler.

Planlagt tiltak:

Nye plakatar med verneområdeinformasjon om Breheimen NP.

Behov for nytt stativ:

Nei.

Kva type informasjon:

Generell informasjon om Breheimen NP.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

2

Vurdering:

Etablert informasjonspunkt med liten parkeringsplass. Berre nødvendig å skifte ut plakatanne med nye plakatar som er i tråd med merkevara.



## 11. Lomseggen/Lom sentrum (ca. 500 / 790 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Nei

Dagens infrastruktur:

Ingen informasjon.

Planlagt tiltak:

Vurderast saman med Norsk Fjellsenter.

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon om Breheimen NP.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

1

Vurdering:

Turen opp til Lomseggen er marknadsført frå Norsk Fjellsenter i Lom. Det er avgrensa informasjon om Breheimen NP undervegs på turen. Lite skilt markerer grensa på nasjonalparken. Det er derimot mykje informasjon om Breheimen NP på senteret som for mange tilreisande fungerer som startpunkt for turen. Vurderer oppsetjing av informasjon undervegs langs stien med senteret.

## 12. Jotunheimen fjellstue (ca. 765 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Nei

Dagens infrastruktur:

Ingen informasjon. Utsiktsplattform mot Breheimen. Parkeringsplass til minimum 30 biler.

Planlagt tiltak:

Nye plakatar med verneområdeinformasjon om Breheimen NP.

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon om Breheimen NP.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

2

Vurdering:

Etablert informasjonspunkt med liten parkeringsplass. Berre nødvendig å skifte ut plakatanne med nye plakatar som er i tråd med merkevara.



### 13. Vassenden (ca. 910 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Eksisterende informasjonspunkt. Parkeringsplass til 8-10 biler.

Planlagt tiltak:

Nye plakatar med verneområdeinformasjon om Breheimen NP og Høydalen LVO.

Behov for nytt stativ:

Nei.

Kva type informasjon:

Generell informasjon om Breheimen NP og Høydalen LVO.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

2

Vurdering:

Etablert informasjonspunkt med liten parkeringsplass. Berre nødvendig å skifte ut plakatanne med nye plakatar som er i tråd med merkevara.



#### 14. Dumdalen (ca. 975 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Nei.

Dagens infrastruktur:

Eksisterende informasjonspunkt. Parkeringsplass til 8-10 biler.

Planlagt tiltak:

Nye stativ med verneområdeinformasjon og info om grottene i Dumdalen.

Behov for nytt stativ:

Ja.

Kva type informasjon:

Generell informasjon om Breheimen NP og grottene i Dumdalen.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja.

Prioritet:

1

Vurdering:

Hausten 2021 er det sett opp nye stativ med plakat om grottene i Dumdalen. Plakat med verneområdeinformasjon må opp når den er klar.



## 15. Krossbu (ca. 1250 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Nei.

Dagens infrastruktur:

Eksisterende informasjonspunkt i samband med Jotunheimen NP. Parkeringsplass til minimum 30 biler.

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare. Plassering er ikkje avklart med grunneigar og kommune.

Behov for nytt stativ:

Ja.

Kva type informasjon:

Generell informasjon om Breheimen NP.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja.

Prioritet:

2

Vurdering:

Etablert informasjonspunkt og startpunkt for Jotunheimen NP. DNT-sti går vidare nordover gjennom Breheimen NP med utgangspunkt frå parkeringsplass.





## 16. Sognefjellshytta (ca. 1415 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Nei.

Dagens infrastruktur:

Eksisterende informasjonspunkt i samband med Jotunheimen NP og Nasjonal Turistveg Sognefjellet. Parkeringsplass til minimum 30 biler.

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare. Plassering er ikkje avklart med grunneigar og kommune.

Behov for nytt stativ:

Ja.

Kva type informasjon:

Generell informasjon om Breheimen NP.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja.

Prioritet:

2

Vurdering:

Etablert informasjonspunkt og startpunkt for Jotunheimen NP. DNT-sti går vidare nordover gjennom Breheimen NP med utgangspunkt frå parkeringsplass. Mest aktuelt med eit eige informasjonspunkt nord for vegen ved starten på stien.



## 17. Nørdstedalseter (940 moh.)

Eksisterande innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Informasjonstavle (2 stk). Denne er plassert i vegkryss 250 meter før DNY-hytta Nørdstedalseter.

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare, fjerne eksisterande skilt og stativ. Vurdere behov om også å ha informasjonstavle ved DNT-hytta.

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja

Prioritet:

1

Vurdering:

Nørdstedalseter ligg sentralt i DNT sitt sti- og hyttenettverk i Breheimen, med populære turar nord til Sota, vest til Arentzbu og aust til Sognefjellet. Anleggsvegen dit er lang, og delar seg med fleire avstikkarar kring Nørdstedalseter. Det er difor vanskeleg å nå alle som skal på tur i området med eitt punkt. Det må vurderast om det er tilstrekkeleg med eitt punkt eller om det også skal vere eit punkt på den betjente DNT-hytta. Området har mest trafikk om sommaren når anleggsvegen er open.



## 18. Skjolden (10 moh.)

Eksisterande innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Utstilling på Fjordstova, parkeringsplass

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare. Innfallsporten frå Skjolden til dei to startpunkta Hødnevollen og Mørkrid vil få ein eigen vurdering på tiltak som er ønska og naudsynt gjennom eit eige prosjekt. Her skal kundereisa, formidling og tilrettelegging vurderast mot verneformål (jamfør punkt 2.5 i besøksstrategien). Vurdering av utstillinga på Fjordstova.

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen, Mørkridsdalen LVO, skjøtsel/kulturlandskap. Vurdere utstillinga på Fjordstova.

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

1

Vurdering:

Skjolden er eit naturleg informasjonspunkt for besøkande som skal til Mørkridsdalen. Det vart laga ei utstilling på Fjordstova i samband med oppretting av vernet i 2009. Utstilling, informasjonspunkt utandørs og kanalisering mot Mørkridsdalen må sjåast i samanheng.

## 19. Mørkrid (85 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Parkeringsplass (ca 15 plassar), informasjonstavle (2 stk)

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare, fjerne eksisterende skilt og stativ. Innfallsporten frå Skjolden til dei to startpunktta Hødnevollen og Mørkrid vil få ein eigen vurdering på tiltak som er ønska og naudsynt gjennom eit eige prosjekt. Her skal kundereisa, formidling og tilrettelegging vurderast mot verneformål (jamfør punkt 2.5 i besøksstrategien).

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen, Mørkridsdalen LVO, skjøtsel/kulturlandskap

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja

Prioritet:

1

Vurdering:

Innfallsporten Mørkrid i Mørkridsdalen er eit populært startpunkt for turar i verneområda i Breheimen. Området har fleire stølar, beitedyr og aktiv skjøtsel av landskapet. Naturgrunnlag, skjøtsel og beitedyr har ført til at det er mange kulturavhengige naturtypar med høg verdisetting. Robuste buforvegar og store naturverdiar gjer at området er vurdert til å ha potensial for besøk og som formidlingsarena.



## 20. Hødnevollen (95 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Parkeringsplass (ca 15 plassar), informasjonstavle (2 stk)

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare, fjerne eksisterende skilt og stativ. Innfallsporten frå Skjolden til dei to startpunktta Hødnevollen og Mørkrid vil få ein eigen vurdering på tiltak som er ønska og naudsynt gjennom eit eige prosjekt. Her skal kundereisa, formidling og tilrettelegging vurderast mot verneformål (jamfør punkt 2.5 i besøksstrategien).

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen, Mørkridsdalen LVO, skjøtsel/kulturlandskap

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja

Prioritet:

1

Vurdering:

Innfallsporten Hødnevollen i Mørkridsdalen er eit av dei mest populære startpunktta for turar i verneområda i Breheimen. Området har mange stølar, mange beitedyr og aktiv skjøtsel av landskapet. Naturgrunnlag, skjøtsel og beitedyr har ført til at det er mange kulturavhengige naturtypar med høg verdisetting. Robuste buforvegar og store naturverdiar gjer at området er vurdert til å ha potensial for auka besøk og som formidlingsarena.



## 21. Dalsdalen (200 moh.)

Eksisterande innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Parkering langs veg (ca 6 plassar), informasjonstavle (2 stk)

Planlagt tiltak:

Ta vekk Dalsdalen som ein innfallsport til verneområda i Breheimen. Fjerne informasjonsplakatar om verneområda i Breheimen. Fjerne informasjonsstativ dersom andre ikkje vil nytte det.

Behov for nytt stativ:

Nei

Kva type informasjon:

Ingen

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

3

Vurdering:

Dalsdalen er eit lite nytta utgangspunkt for turar i verneområda i Breheimen. Eksisterande innfallsport er knytt til sti som går frå Dalsdalen til Vigdalen, der den mest nytta ruta ligg utanfor verneområdet. Det er vurdert at den mest naturlege innfallsporten for verneområda er Vigdalen, og at det kan vere misvisande med startpunkt i Dalsdalen.



## 22. Gaupne (5 moh.)

Eksisterande innfallsport:

Nei

Dagens infrastruktur:

Ikkje avklart plassering

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare i samarbeid med Jotunheimen og Jostedalsbreen

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

2

Vurdering:

Det er eit ønskje om å finne eigna stad i kommunesenteret Gaupne til informasjon om dei tre nasjonalparkane Jostedalsbreen, Jotunheimen og Breheimen i kommunen. Informasjonspunktet er planlagt knytt til eksisterande infrastruktur. Dette skal vere med å vegleie besøkande til verneområda, besøkssenter og startpunkt for besøk. Plassering må avklarast i samråd med Luster kommune og andre interessenter i området.

### 23. Vigdalen (670 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Parkeringsplass (ca 15 plassar), informasjonstavle (2 stk)

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare, fjerne eksisterende skilt og stativ

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen, Vigdalen LVO

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja

Prioritet:

1

Vurdering:

Bomveg og parkeringsplass ved 670 moh. Startpunkt for DNT-sti mot Vigdalsstølen og Fivla (utanfor verneområdet). Fine rundturar i stølsområda. Populært turmål sommar og vinter.





## 24. Myri (530 moh.)

Eksisterande innfallsport:

Nei

Dagens infrastruktur:

Parkeringsplass (ca 20 plassar)

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen, ferdsel om vinteren?

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

2

Vurdering:

Innfallsport til eit regionalt populært toppturområde om vinteren. Av dei mange toppturmåla er Vangsen den mest kjente. Startpunktet er i all hovudsak nytta for turar inn i verneområdet om vinteren, då ein om sommaren kan køyre lenger til dømes til Vanndalsvatnet. Difor kan det vurderast om ein skal tilpasse informasjon til ferdsel om vinteren/våren.

## 25. Vandalsvatnet (1050 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Parkeringsplass (ca 15 plassar), informasjonstavle (2 stk)

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare, fjerne eksisterende skilt og stativ

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

1

Vurdering:

Innfallsporten ligg i enden av bomveg med parkering 1050 moh. Startpunkt for populære turar som Vangsen, Myrhyrna og Spørteggbu om sommaren. Området er mykje nytta også om vinteren, men då er startpunktet Myri. Området er mest brukt til dagsbesøk.



## 26. Gjerde

Eksisterande innfallsport:

Nei

Dagens infrastruktur:

Hotell, camping, butikk, parkering, informasjonspunkt for Jostedalen/Visit Sognefjord

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare.

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

2

Vurdering:

Det er eit ønskje om å finne eigna stad i sentrum av Gjerde til informasjon om dei to nasjonalparkane Jostedalsbreen og Breheimen. Informasjonspunktet er planlagt knytt til eksisterande infrastruktur. Dette skal vere med å vegleie besøkande til verneområda, besøkssenter og startpunkt for besøk. Plassering må avklarast i samråd med Luster kommune og andre interessentar i området.

## 27. Fagredalen (1040 moh.)

Eksisterende innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Parkeringsplass (ca 15 plassar), informasjonstavle (2 stk) (informasjonspunkt vart øydelagt i 2020)

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare, fjerne eksisterende skilt og stativ

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja

Prioritet:

1

Vurdering:

Innfallsporten ligg i enden av anleggsveg med parkering 1040 moh. Startpunkt og DNT-sti mot Holmevasshytta og Arentzbu. Vinteren 2020 vart treinstallasjonen med informasjonstavlene øydelagt. Dette er rydda vekk og berre stiskilting er på plass i dag.



## 28. Viva (865 moh.)

Eksisterande innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Parkeringsplass (ca 10 plassar), informasjonstavle (2 stk)

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare, fjerne eksisterande skilt og stativ

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Ja

Prioritet:

2

Vurdering:

Viva ligg ved vegen til Styggevatnet og er startpunkt for DNT-sti til Sprongdalshytta (ca 1,5 t gange). Dette er eit populært startpunkt for vandrarar som vil gå fleire dagarsturar i Breheimen langs DNT-stiar og -hytter. Sprongdalshytta er også lokalt nytta som turmål.



## 29. Styggevatnet (1150 moh.)

Eksisterande innfallsport:

Ja

Dagens infrastruktur:

Parkeringsplass (ca 25 plassar), informasjonstavle (2 stk)

Planlagt tiltak:

Nytt informasjonspunkt etter ny merkevare, fjerne eksisterande skilt og stativ.

Behov for nytt stativ:

Ja

Kva type informasjon:

Generell informasjon Breheimen

Startpunkt for merka DNT-sti/løype:

Nei

Prioritet:

2

Vurdering:

Planlagt som eit felles informasjonspunkt med Jostedalsbreen nasjonalpark. Oppdemte Styggevatnet er enden av vegen i Jostedalen, med Jostedalsbreen på vestsida og Breheimen på austsida.

Styggevatnet er hovudkjelda for Jostedalskraftverket, og ligg like ved vernegrensa. Dette er også utgangspunktet for firmaet Icetroll og deira turar med padling og brevandring på Styggevatnet og Austdalsbreen.

Ikkje ein del av stinettet til DNT, men populært startpunkt for tur til Styggevasshytta, Handspiki og til Mysubytta.

God parkering under demninga til Styggevatnet. Mange besøkande som kjem til innfallsport, men moderat med folk som går tur. Blitt meir populært som utgangspunkt for toppturar på ski seint om våren/sommar.